

**Invitasjon til dagskonferanse
om**

Kulturminne og kulturarv som ressurs for reiselivet i Sogn

Tid: Tysdag 10.3. 2020 kl.10-15

Stad: Sogn Folkemuseum på Kaupanger.

Arrangør:

Indre Sogn lokallag av Fortidsminneforeningen (Fmf), i samarbeid med Sogn Folkemuseum på Kaupanger og reisemålselskapet Visit Sognefjord.

Tema og bakgrunn

Det er *kombinasjonen* av storslegen natur og spor etter tusenårig busetting og bygging som gjer Sogn til eit av verdas mest omtykte reisemål.

Kulturminne er spor etter folk før oss: gravhaugar og fangstanlegg, steingjerde, styvingstre og slåttemarker, gardstun med stover og stabbur og eldhus, stølar og stølsvegar, gamle naust og strandsitjarmiljø, sveitservillaer og sveitsarhotell, stavkyrkjer og steinkyrkjer. Men også tekniske og industrielle kulturminne som kraftverk, vegar og bruer, kaianlegg og veteranbåtar.

Legg så til *immateriell* kulturarv som segner, songar og eventyr.

Mange kulturminne er viktige attraksjonar og fyrtårn i reiselivet i Sogn, m.a. stavkyrkjene, Sogn Folkemuseum, Nærøyfjorden med sitt kulturmiljø, kunstbygda Balestrand med sin sveitser- og dragestil, Lærdalsøyri og Flåmsbana.

Kulturminne er ein ikkje fornybar ressurs, og kvart år går mykje tapt, særleg bygningar og kulturlandskap frå det gamle landbruket. Det er därleg nytt for reiselivet.

Høgdegarden Fuglesteg i Fortun og Kongevegen over Filefjell er døme på at kulturminne i forfall kan forvandlast til reiselivsmagnetar og smykke i landskapet.


Målet med denne konferansen er auka medvit og kunnskap om kulturminna si rolle i reiselivet, formidla og utveksla erfaringar frå aktørar i reiselivet, og inspirera fleire eigara av kulturminne til å la betalande gjestar bidra til restaurering og vedlikehald.

Spørsmål som konferansen skal gje svar på:

- Kor mykje betyr kulturminne som attraksjon og ressurs i reiselivet i Sogn i dag?
- Kva finst av ubrukte ressursar? Kva er potensialet.? Kva hindringar finst?
- Kva trengst for å gjera eit kulturminne til næring? Kva finst av finansierings- og støtteordningar?
- Kan reiselivet berga kulturminne - og tena på det?



Hopperstad stavkyrkje, Vik



Høgdegarden Fuglesteg. Fortun i Luster
No DNT-hytte



Villa «Strandheim» i Balestrand.

Målgruppe :

- Aktørar i reiselivet med og utan kulturminne som attraksjon
- Eigarar av verneverdige kulturminne
- Politikarar og tilsette i offentleg verksemd med reiseliv og/eller kulturminne som interessefelt.
- Medlemer i Fmf - og andre med hjarte for kulturminnevern.



Om arrangørene

Fortidsminneforeningen og Sogn Folkemuseum har i stor grad samanfallande føremål: å ta vare på og formidla verdifulle kulturminne. Begge er store aktørar i reiselivet i Sogn. Betalande gjestar til eigedomane er eit viktig bidrag til drift og vedlikehald.

Reisemålselskapet i Sogn, Visit Sognefjord har laga forslag til *Masterplan for reisemålet Sognefjorden*, på oppdrag frå Sogn regionråd. Planen skal endeleg godkjennast våren 2020. Kulturarv og kulturminne som ressurs for reiselivet er deltema i planen.


Om programmet.

Hovudinnleiarane stiller med det fremste av fagkunnskap innan reiseliv og kulturminne:

Ola Fjeldheim, generalsekretær i Fortidsminneforeningen:
Om kulturminne som ressurs. Erfaringar frå drift av FMF sine eigedomar Om bruk og vern.

Ståle Brandshaug, direktør i Visit Sognefjord og prosjektleiar for «*Masterplan for reisemålet Sognefjorden*»:
-*Om kultur og kulturminne i Masterplan for reisemålet Sognefjorden*
-*Kva/kor mykje betyr kulturminne for reiselivet i Sogn. Kva er potensialet? Kultur som naturforsterkar.*

Parti frå Lærdalsøyri



Simen Bjørorgen, direktør i Kulturminnefondet:

Om Kulturminnefondet sin rolle i kulturminnevernet.
Om finansieringsordningar og døme på KMF-støtta prosjekt med ein fot eller to i reiselivet.

Parti frå Kongevegen, Lærdal


I tillegg ei økt med kortare bidrag frå aktørar i reiselivet, m.a.:

- **Tanna Gjeraker**, Borgund stavkyrkje, Lærdal
- **Marit Henjum Halsnes**, Henjatunet , Leikanger
- **Geir Johansen** Sylvringen i Vik
- **Eli Grete Høyvik** Ciderhuset og Balestrand.

Rom for spørsmål, diskusjon og kommentarar frå salen.

Påmelding innan 1.3. 2020 til:
FMF Indre sogn lokallag v. O.Wiik : ottar.wiik@sogn.no.

Deltakaravgift : 400kr. (300 for medlemer i FMF)
Betaling ved påmelding til:
Indre Sogn lokallag av FMF bankkonto: 3730 06 05991
- eller ved frammøte.
Enkel lunch og kaffi/forfriskningar inngår i prisen.



Utsnitt av Urnesportalen. Treskurd.

Spørsmål kan rettast til:
Ottar Wiik, tlf.: 93430069, eller Anna Avdem tlf.: 47642532